

Namn på skulen: Olsvikåsen vgs

Tal elevar skuleåret 2016/17: 591

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

### 1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	90,2 %
2016/17	94,75 %

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	6.49 %	7.74 %
	2016/17	4.07 %	7.95 %
Termin 2/standpunkt	2015/16	4.11 %	1.73 %
	2016/17	1.86 %	1.86 %
Eksamen	2015/16	10.57 % (5.19 %)	
	2016/17	3.26 %	

### 1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	2
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	6

#### Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte fullføring?

Det har vore knytt ei viss spaning til korleis dei nye fråværsreglane skulle slå ut for elevresultata dette skuleåret. Det har blitt gjort ei rekkje tiltak for å møte dei nye reglane, og vi ser og at det er kome positive endringar når det gjeld fråværsresultata. Ved halvgått løp hadde fråværet gått ned med ca. 30 %. Ved avslutning av skuleåret er totalfråværet gått ned frå 7,6 % til 2,8 % - ein nedgang på 4,8 prosentpoeng (63,2 % reduksjon). Det er påfallande fleire elevar som kjem til skuletimane det siste året. Dette gjeld særleg ST-elevar med høge ambisjonar som satsar på gode karakterar. Dei kjem ofte også sjølv om dei er sjuke. Samstundes er det ei gruppe elevar som har nye utfordringar av di dei ikkje klarar å motivere seg sjølv til å møte opp til alle skuletimar. Årsaka kan vere at dei er mindre motiverte, sjuke eller ikkje har tydelige nok mål for skulegangen. Dei kan lettare felle utanfor av di dei lettare gir opp. Medisinen som er sett inn er tett oppfølging frå lærarane si side. Dei har gjort ein stor innsats i forhold til desse elevane. Det blir sendt sms når dei ikkje møter på skulen, klassens time blir brukt til å leggja til rette for at elevane ikkje skal felle av, det er hyppige samtalar med elevane, og resultatet er at dei aller fleste elevane har klart å halde seg innanfor den fråværsramma som er satt.

For nokre elevar har behov for hjelp til å dokumentera fråværet vore sjølve tiltaket. Det er såleis ikkje mange elevar som har fått IV som eit resultat av dei nye reglane. Av dei som er sjuke og som ikkje har klart å få tilstrekkelig vurdering i faga har nokre søkt permisjon, eller valt eit 2-årig løp, medan andre har slutta. Nokre endar opp med IV i eitt eller to fag, sjølv om vi ikkje har hatt auking i IV-resultata totalt for skulen.

Alt i alt har fráværsgrensa gitt sær positive resultat på skulenivå. Elevresultata har blitt betre, og det har mest sannsynleg samanheng med at elevane no er meir til stades i timane og får med seg meir av lærestoffet.

**Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?**

Skulen har i fleire år hatt tett oppfølging av 1 og IV. Det er laga rutinar for rapportering av 1 og IV 4 gonger årleg. Det blir arbeidd systematisk med rapportane. Rådgjevarane har samtaler med desse elevane, både ressursteam og basis-team drøfter kva for tiltak som skal bli sett inn mot den einskilde eleven. Lærarar har vore invitert til samtaler med ressursteamet, vi har hatt eit tett samarbeid mellom basisteam og kontaktlærar /rådgjevar. Det har vore tettare dialog enn tidlegare mellom faglærarane og elevane om fráværet. Frávær blir fylgt opp i klassens time kvar veke, og det blir varsla tidleg i faga for å sikre at elevane er kjend med eige frávær. Der vi har sett det naudsynt av faglege grunnar har vi sett inn ekstra tiltak i studieverkstaden for å gje dei elevane som treng det meir tilpassa opplæring. Det er og blitt sett inn minstemålsplanar for nokre elevar. Hovudfokus har heile tida vore å sikre at flest mogleg av elevane skulle gjennomføre innan normert tid.

Resultata av arbeidet vi har lagt ned er positivt. Tala på IV og 1 har gått kraftig ned når det gjeld standpunkt. Vi klarer å få fleire elevar gjennom ved å leggje til rette på alle moglege vis. Utfordringa er eksamen. Avgangselevar er trøytte og sjuke etter russetida. Mange har ikkje brukt tida godt nok og dei tek for lett på eksamensgjennomføringa. Dette er ei utfordring vi må arbeide vidare med, da vi så det same førre skuleår, at elevar stryk i eitt eller fleire fag til eksamen av di dei ikkje legg inn nok innsats denne dagen. Alt i alt har skulen 11 IV som resultat fordelt på alle elevar (591). Nokre av IV-ane er på same elev, og det er gjerne elevar som har utvida rett. Dette er det beste resultat vi har hatt ved skulen.

#### 1.4 Gjennomsnittleg frávær

2015/16	timar	19.55
	dagar	11.41
2016/17	timar	7.35
	dagar	4.11

#### 1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10

2015/16	5.13 %
2016/17	3.55 %

#### 1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

*Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?*

Vi har ikkje mange elevar som sluttar utan å gå til andre tilbod. Av 591 elevar er det 36 elevar som har avbrot etter 1.10. Tala kjem fram i Hjerne og hjerte. Den største gruppa (15 elevar) er PS, personleg sjukdom. Dette er elevar som slit med psykiske lidingar og andre alvorlege sjukdommar. Nokre er innlagt på sjukehus og har søkt på nytt neste skuleår. Dei elevane som slit med heimeforhold og andre sosiale forhold har vi klart å halde på skulen. Det er berre 3 elevar som står med kode FV (feilval) eller FR (fråver). Dei andre elevane som står oppført som sluttarar har anten gått over til nytt programområde eller annan skule. Nokre av sluttarane har søkt permisjon for siste del av skuleåret, og vil vere tilbake på skulen neste år. Skulen har difor få elevar som sluttar utan å ha ein god grunn for avbrotet eller som går til eit uavklart tilbod.

Det er positivt frå eit skuleperspektiv at vi til tross for sær mange elevar med diagnoser eller anna utfordringar av privat karakter blir på skulen og gjennomfører, om enn på eit 2-årig løp eller med ein permisjon som ein del av utdanningsløpet. Dette har med den sær tette oppfølginga elevane får av kontaktlærar og faglærarane, samt dei systema skulen har for å fange opp og følgje opp elevane tidleg i skuleåret. Vi er sær nøgde med resultatet særleg sett ut frå at skulen ligg i eit område med raudt på levekårsindeks og lågare utdanning enn snittet hos foreldra.

### 1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

#### *Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?*

Det er positivt at skulen stadig oppnår betre resultat på gjennomføring og fullføring. Det har vore ei fin stigning frå år til år, og resultat dette året er det beste resultatet skulen har oppnådd nokon gong. Skuleåret 2016-17 har 1.86 % av elevane (11 elevar) karakteren 1 og det same, 1.86 % (11 elevar) har fått IV til T2/standpunkt. Frå 2015/16 er det difor ei betring frå 4.11 % stryk og 1.95 % IV. Det betyr at det skjer ei positiv utvikling der fleire elevar fullfører utdanningsløpet og klarer å få karakterar i alle fag. Totalt 93.06 % har bestått skuleåret. Då kjem sluttarar, permisjonar, 2-årig løp og sjukdom under eksamen med i denne prosenten. Det er 7.95 % elevar som får IV ved 1.termin, og det seier noko om at vi har fått med alle elevar som står i faresonen i dei fyrste rapportane vi arbeider med. Det er ofte stort avvik på IV i 1.termin og 2.termin, noko vi ser på som ei styrke da det betyr at vi tidlig sikrar god kontroll på alle elevar som ikkje framstiller seg for vurdering godt nok og som ein må ha ei tettare oppfølging av vidare i skuleåret. 2 av elevane med IV er gått over til 2-årig løp på grunn av sjukdom og står for ca 50 % av IV %. I det store biletet ser vi at dei elevane som får 1/IV, berre har 1 eller IV i eitt fag, og det vil difor vere forholdsvis lett å ta det siste faget opp att. Det er sannsynleg at dei vil fullføre ved ny hausteksamen, evt. med ny sjanse innan eit år, og i alle fall sikre seg vitnemål i eit 5-års perspektiv.

Når det gjeld gjennomføringa på eksamen ser vi nokre tendensar. Det var totalt 21 elevar som strauk til eksamen, 20 elevar strauk til sentralgitt skriftleg eksamen og 1 elev strauk til tverrfagleg eksamen. Til saman var det 3.26 % av elevane som strauk til eksamen no i år, fordelt på skriftleg, munnleg og tverrfagleg eksamen, og det er ein nedgong frå førre skuleår. Da var talet 10.57 % (PULS) eller 5.19 % (Extens). Tala visar uansett ei stor betring i resultat dette skuleåret. Det er ein tendens til at elevar stryk i eitt fag til eksamen, og som nemnt tidlegare er det ein tendens til at nokre elevar ikkje er nok røynde til å gjennomføre eksamen. Dette er noko vi har arbeidd med gjennom året, men ser at det framleis må gjerast meir arbeid med dette, særleg i faga matematikk og norsk kor dei fleste av elevane stryk. Matematikk er det faget der flest elevar stryk, særleg i matematikk for dei som ikkje har valt fordjupning. Norsk sidemål har òg fleire elevar som stryk. Elles er det berre slengarar som stryk i fag til eksamen. Mange fag har full gjennomføring.

Det er og positivt at 5.76 % av elevane har fått karakteren 6 til eksamen, og 17.29 % har fått karakteren 5. Over 50 % av elevane har fått karakteren 4 eller 3. Dette er positive resultat til eksamen som vi er godt nøgde med, særleg når vi samanliknar med tala for 2 år tilbake da 10.3 % av elevane ikkje besto til eksamen.

På yrkesfag er det oppnådd gode resultat også dette året. Det var berre 1 elev som ikkje besto tverrfagleg eksamen, det er difor ein klår positiv tendens også der.

Skulen har ei rekkje tiltak vi set inn gjennom året som vi trur gjev resultat. Vi har sett inn mykje ekstra fagtimar i studieverkstaden i ei rekkje fag. Vi har alternative læringsarenaer som fagsnacks og fagsuppe som utgjør 3-4 timer i veka, eit tilbod som mange flinke elevar òg vel å ta del i. Vi har haust- og vinterskule i haustferien og vinterferien og vi har valt å ikkje slå saman grupper på yrkesfag. Det betyr at vi gjev mykje opplæring i mindre grupper og kan difor møte den einskilde elev sine behov enda betre. Vi har og oppsamlingsprøvar

annakvar veke for å sikre at elevar som har vore sjuke får framstilt seg for vurdering utan opphald.

Tett oppfylging av læringsmiljøet i klassen over tid, mellom anna i klassens time trur vi òg er med å bidra til dei gode resultatane. Timen er timeplanlagd og elevane møter til timen, der kontaktlærar er med.

Når det gjeld fråværet ser vi det har gått ned, noko som aukar læringsutbytte i faga. Det er særskild få elevar som har fått IV av dei som har kome over 10 % fråværsregelen.

***Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

Skulen har gjennom fleire år hatt ei eige oppstartsveke, der vi har gjennomført 2 dagar med startamtaler, foreldremøter og kartleggingstestar, samt ein dag med fadderprogram, sosialt program og bli-kjend aktivitetar. Fokus denne veka er å bli kjend med elevar, foreldre og å få eit godt bilete av kvar elev sine positive evner, samt skape ei trygg ramme for kvar elev i klassen og på skulen. I løpet av veka har vi resultatane klåre på kor mange som har behov for ekstra støtte i norsk, matematikk og engelsk. Dette er grunnlaget for å etablere studieverkstad-tilbod til elevar som kjem ut med raude tal i desse faga. Foreldre, elevar og lærarar har alle gitt gode tilbakemeldingar på at denne veka gjer at elevar føler seg godt ivaretekne. Vi blir godt budd til skuleåret og på dei tilretteleggingane vi må gjere og vi får ein effektiv start og eit godt dokumentert grunnlag for å legge til rette for læring frå fyrste dag. Dette året var og fleire klassar på Helse- og oppvekst med på VIP makkerskap. Erfaringane var positive og vi har erfart at i dei klassane som deltok er det etablert eit klassemiljø som verkar meir robust også seinare i skuleåret. Det har vore færre saker, elevane har blitt betre i stand til å løyse utfordringar og dei har ein betre kommunikasjon med kvarandre. Vi trur det har samanheng med at prosjektet er gjennomført.

Skulen er og MOT-skule og starter opp med MOT-øktar for dei nye elevane allereie fyrste veka som ein del av det sosiale programmet, og fyller vidare på med jamlege øktar ut over i skuleåret. Mange av elevane våre kjem frå MOT-aktivitetar i ungdomsskule og likar at vidaregåande skule hald fram med dette arbeidet.

Skulen har dette året òg etablert kontakt på leiarnivå med ungdomsskulane vi rekrutterer elevar frå, dette for å bli kjend med felles utfordringar og for å sikre god kommunikasjon og dialog kring dette arbeidet. Såleis veit vi allereie noko om miljøet til dei elevane vi får inn neste skuleår og kan tenke førebygging og strategiar før dei nye elevane kjem. Som ein del av dette arbeidet har vi og etablert særskild god kontakt med politikontakten vår i bydelen og har jamlege møter knytt til rusførebygging og kjernegrupper for elevar kor det har vore kjernegrupper tidlegare for å sikre ei god utvikling for enkeltelevar.

Elevinspektør har saman med rådgjevarar og ein del lærarar og ansvar for å arrangere utprøving/open dag for å sikre at elevane gjer kvalifiserte fagval, og det er obligatoriske overføringsmøte for elevar som kjem inn via særinntaket. I starten av skuleåret er det og intern kompetanseoverføring mellom trinna for å sikre ei god tilrettelegging for dei som treng det. Alle desse tiltaka blir gjennomført årleg, og sikrar at vi gjer overgangane mindre sårbare.

For nokre avdelingar er det tett samarbeid med praksisfeltet, noko som gjeld HO/DH, men òg tilrettelagt avdeling og innføringsklassen kor det er naudsynt å sikre gode overgangar til praksis.

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Skulen har ikkje mange sluttarar. Talet ligg nokså jamt samanlikna med førre skuleår kor det var 5.13 %, . Det er i mange høve sett inn tiltak, og den gruppa som er størst er den gruppa som har slutta av personlege årsaker/sjukdom. Vi ser at psykiske lidningar eller anna sjukdom er den årsaka som flest elevar fell inn under. Dette gjeld i år 16 elevar, eit særskild

høgt tal. Mange av desse elevane vel òg å slutte seint i skuleåret, noko som i seg sjølv er ei utfordring, men det ligg gjerne mykje historikk bak desse sluttarane som har mykje å slite med. Feilval er det no berre 1 elev som gjev som årsak, 2 elevar har slutta på grunn av høgt frávær og 1 elev har slutta med grunngjeving skulelei. Vi kjenner godt dei elevane som vel å slutta, og vi veit at mange av dei har ein god grunn til å gje seg, og vi set inn ei rekkje tiltak for å få fleire til å bli i skulen. Av den grunn har vi valt å auke rådgjevarressursen med særleg vekt på fráværsoppfylginga.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

Når det gjeld fráværsoppfylginga startar skulen opp eit spanande prosjekt neste år i samarbeid mellom rådgjevar og ei gruppe studentar ved Høgskulen. Prosjektet er i form av eit spel som er prøva ut i ein klasse allereie og det har fått ei rekkje prisar. Det vil bli spanande å sjå om det har positiv verknad på fráværet. Prosjektet er inspirert av Pokemon.

VIP makkerskap er eit anna prosjekt vi ynskjer å starte opp i alle klassar for å sikre både ein god oppstart og eit godt og trygt læringsmiljø gjennom heile året. Det er òg planlagt å starte opp prosjekter saman med PPT for å rådgje lærarar som har mange elevar som slit med psykisk helse. Her er det søkt om hjelp til å starte opp grupper saman med psykolog for elevar kor stress er eit stort problem.

Elles betyr resultatata at vi må halde fram med det gode arbeidet og den tette oppfylginga av elevane. Ressursteam vil og bli enda meir aktiv mot klassemiljø og lærarar kor det er utfordringar i klassen.

I norskfaget er det planlagd eit prosjekt som er inspirert av Elvebakken vgs og Munck vgs i Oslo. Der arbeidar elevane meir prosessorientert med mappevurdering. Elevane får ikkje karakter på undervegsvurderingane. Det vil gje eit større fokus på læring og læreprosessen. Røynslene frå Oslo er særst positive av di elevane der oppnår betre resultat i norsk etter at prosjektet er sett i gong.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak – Eigenvurdering

#### *Kva var målet med tiltaket?*

«Vurdering for læring» var eit satsingsområde skuleåret 2015/16. Det skuleåret hadde vi fokus på temaet både i fellestida (felles møtetid for alle lærerar) og i dei ulike avdelingsmøta. Lærarane er knytt til kvar si avdeling avhengig av kva for ei studieretning dei underviser mest i. Skuleåret 2015/16 opplevde vi at mange av lærarane var inne i ein fin utviklingsprosess i forhold til temaet eigenvurdering, og vi erfarte at enkelte av lærarane våre vil ha behov for å bruke meir tid før eigenvurdering vart ein naturleg del av vurderingsarbeidet. Difor valte vi også ha fokus på eigenvurdering skuleåret 2016/17. I tillegg gav elevundersøkinga 2015/16 og tilsynsrapporten frå Fylkesmannen våren 2016 signala på at eigenvurdering er viktig å jobbe vidare med.

Skuleåret 2016/17 har vi jobba med å ha fokus på at det i skulen vår må skapast større rotfeste slik at eigenvurdering vert ein naturleg del av undervegsvurderinga, samt å få elevane bevisste rundt formålet med eigenvurdering, nemleg at eleven reflekterer over og blir medviten eiga læring og utvikling. Vi erfarte også gjennom tilbakemeldingar frå lærerar og elevar i etterkant av elevundersøkinga, at elevane framleis var usikre på kva som ligg i omgrepet eigenvurdering. Det betyr at vi fortsatt måtte ha fokus på omgrepet eigenvurdering, og reflektere rundt korleis gjere elevane meir eigenvurderingsdyktige.

#### *Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Tiltaket er som nemnt ei vidareføring av allereie eksisterande satsingsområde «vurdering for læring» – kor eigenvurdering har fått ein meir sentral plass enn tidlegare. Det er satt av tid til eigenvurdering både i fellestida og i avdelingsmøtetida. Dei siste skuleåra har lærarane delt ulike verktøy/innfallsvinklar som kan bli brukt i samband med eigenvurdering.

#### *Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Vi valde dette utviklingstiltaket først og fremst fordi eigenvurdering er ein viktig del av «vurdering for læring». I tillegg viste elevundersøkinga og avviket i tilsynsrapporten frå Fylkesmannen skuleåret 2015/16 til at dette var eit område for utvikling. Samstundes er eigenvurdering ein vesentleg del av elevmedverking, og difor er dette emnet viktig for oss å utvikle vidare.

#### *Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

I fellestid og i avdelingsmøter har lærarane vist frem ulike måtar å gjennomføre eigenvurdering på, til dømes har nokre elevar fått utdelt vurderingskriteria i samband med ei vurdering og kryssa av kva dei sjølv meiner dei har fått til. Andre har gjennomført undersøkingar kor elevane i slutten av eit tema blant anna skriv noko om læreprosessen. Nokre lærarteam har delt gode døme i tida avsett til kollegarettleing. Elevrådsstyret har òg kome med døme på gode eigenvurderingssituasjonar i ei fellestid. Vi opplevde at det var svært gode innspel, og fleire av lærarane våre fekk gode tips til vidare arbeid.

Hovudfokuset dette skuleåret har vore å implementere eigenvurdering i større grad i klasserommet. Det har vore lettare å få til for lærarane etter å ha fått gode døme frå kollegaer. I tillegg har lærarane fokusert på omgrepet eigenvurdering i klasserommet slik at

elevane i større grad blir medvitne kva omgrepet inneber og forstår kor tid dei gjennomfører eigenvurdering. Vi opplever at dette har vore nyttig.

### 2.1.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Vi har hatt fokus på eigenvurdering i fellestid og i avdelingsmøter. I tillegg blir undervisningsevalueringa tatt opp i medarbeidersamtalar. Eitt av punkta i evalueringa går på eigenvurdering.

### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Vi ser at både lærarar og elevar bruker eigenvurdering meir bevisst gjennom skuleåret. Vi ser også at lærarane bruker det i større omfang enn tidlegare. Vi opplever at lærarane og elevane har fått ei større forståing av korleis elevane si eigenvurdering gjer elevane meir bevisst ift si eiga læring og utvikling.

### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Vi ser at vi er på vei til å nå måla samstundes som vi må fortsetje å ha dette som fokusområde. Skuleåret 2017/18 vil det bli avsett tid for lærarane til å jobbe vidare med eigenvurdering i møtetida.

### 2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Vi har fått til gode prosessar i avdelingane. Samstundes ser vi at vi i fortsatt må jobbe med temaet slik at det jamleg blir agenda i fellestida og i avdelingsmøta.

## 2.2 Utviklingstiltak – Motverke utanforskap

*Kva var målet med tiltaket?*

Målet med tiltaket har vore at elevane ved skulen skal ha eit godt psykososialt miljø og at dei føler seg inkludert. Vi har tru på at eit godt skulemiljø bidreg til å auka trivsel og læringsutbytte.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Skulen har sett i verk ei rekke tiltak for å førebyggje krenking og mobbing og for å fremme eit trivsels- og helsefremjande læringsmiljø til dømes klassens time, VIP makkerskap, skulestartprogram, markering av regnbogedagane og aktivitetar i midttimane.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Skulen kjenner kvart år til ein skilde elevar som treng hjelp til å føle seg inkludert i skulemiljøet. Det kan vere elevar som har synshemmingar, hørselshemmingar, psykiske lidningar eller elevar som treng hjelp grunna lav sosial kompetanse, eller som av andre grunnar treng hjelp til å bli inkludert. Alle elevar har rett til eit godt psykososialt miljø. Eit godt psykososialt miljø skal vere fritt for krenkingar og mobbing. Det er viktig at elevane trivs og har det godt på skulen.

I årets elevundersøking kjem vi ut med 4,3 i snitt på trivsel på skulen (grønt). Ser vi bak tala ser vi at det likevel er 3 % (12 elevar) som i elevundersøkinga har kryssa av for at dei ikkje trivs i det heile tatt eller noko særleg på skulen. I spørsmål om dei har medelevar å vere saman med i friminutta, skårar skulen 4.7 i snitt (grønt). To prosent av elevane (8 elevar) seier at dei aldri eller sjeldan har nokon å vere saman med i friminutta. I tillegg er det viktig å vere klar over at ikkje alle elevane har valt å svare på undersøkinga, det kan difor vere nokre elevar som ikkje kjem fram i undersøkinga. Sjølv om skulen skårar godt på elevundersøkinga angående trivsel, er dette ikkje godt nok. Skulen ønsker å bidra til at elevane skal føle sosial tilhøyrse gjennom eit inkluderande skulemiljø.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Skulen gjennomfører kvar veke klassens time med lærar tilstades. Ein viktig del i desse timane er miljøskapande aktivitetar og ordenselev i klassen er trivselsagent.

I VG1 helse- og oppvekst har vi dette skuleåret gjennomført VIP makkerskap, med svært gode resultat. VIP makkerskap bidrog til ein betre skuleart for elevane. Klassane blei frå første skuledag delt inn i makkerskap på to personar. Desse makkerskapa tilhøyrar igjen ei makkergruppe. Makkerskapa og makkergruppene har oppgåver i forhold til kvarandre. Etter ei tid blir gruppene skifta, slik at elevane blir kjent med fleire i klassen. Skulen ser på VIP makkerskap som eit positivt tiltak for å skape et inkluderande klassemiljø, der færre elevar opplever at dei fell utanfor. Målet har vore at elevane skal oppleve eit tettare og tryggare klassemiljø tidleg, slik at overgang frå ungdomskulen til vidaregåande skule skulle opplevast lettare. Vi ser at gode relasjonar aukar læringa til elevane.

Elev og føresette blir første skuleveke invitert til startamtale med kontaktlærar for at ein så raskt som mogleg skal bli kjent med elevane. Samtalane bidrar til at ein får etablert ein tidlig kontakt med heimen. Andre skuledag gjennomfører elevrådet fadderaktivitetar for at klassane skal bli raskt kjent med kvarandre.

Dette skuleåret har vi for første gang gjennomført markering av Regnbogedagane på initiativ frå skulemiljøutvalet. Markeringa blei godt mottatt blant elevane.

Skulen arrangerer alternative læringsarena i midttimen og etter skuletid onsdagar. Elevar som har behov for ekstra hjelp eller ønskjer å jobbe ekstra med faga kan delta her.

Skulen har også i fleire år prøvd å etablere eit aktivitetstilbod utanfor klasserommet. I ein midttime i veka blir det halde utanomfaglege aktivitetar som for eksempel sjakkturnering, volleyballturnering, bordtennisturnering, kor, skuleband, osv. Aktivitetane har vore leda av elevar og lærarar. I tillegg har skulen eit nytt nærmiljøanlegg og treningsrom. Skulen har blant anna prioritert å kjøpe inn sjakkbrett, musikkinstrument og liknande for å stimulere elvanane til å delta i aktivitetane. I tillegg brukar skulen avslutningane til sommar og jul aktivt for å få fram ulike talent hos elevane som ikkje elles kjem fram i skulekvardagen.

Desse aktivitetane gjer at elevane får vist fram andre ferdigheter. Aktivitetane bidreg også til at elevane får eit godt forhold til andre elevar og lærarar på skulen. Det er viktig at elevane opplever meistring i skulemiljøet, noko som kan bidra til personleg vekst.



Skulen meiner at gode relasjonar og tro på egne ferdigheiter kan påverke skulearbeidet.

### 2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga ved skulen har gjennom regelmessige møter med elevrådet prøvd å motivere til utanomfaglege aktivitetar arrangert av elevrådet. Elevinspektør har følgd opp og hjulpet elvane med aktivitetane. Elevane har ytra at dei treng meir hjelp til å få opp engasjementet omkring aktivitetane. Ved behov har leiinga eller lærarane aktivt motivert einsskilde elevar som har hatt behov til å delta i aktivitetar, til dømes vart sjakkturneringa arrangert av ein lærar. Han har aktivt trekt elevar med i turneringa. Leiinga har lagt til rette for gjennomføring av VIP makkerskap på vg1 helse- og oppvekstfag.

### 2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Grunna dei gode erfaringa med VIP makkerskap ønskjer skulen å gjennomføre programmet i fleire klassar og særleg i dei klassane som har utfordringar.

Nokre av tilboda i midtimane har skapt større engasjement enn tidligare.

### 2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Det er vanskeleg å seie at me er i mål med tiltaket så lenge det er elevar ved skulen som ikkje føler seg inkludert. Skulen ser at dette er eit kontinuerleg arbeid som vi må ha fokus på.

Det har tidligare vore diskusjon omkring midttimane frå lærarane si side, men no er aktivitetane blitt ein etablert praksis som skulen ønskjer å vidareutvikle. Det har vore ein prosess å få utnytta timane godt nok. Skulen ser at vi neste skuleår ønskjer å bygge ut tilbodet ytterligare med aktivitetar som skuleavis, strikkeklubb, speleklubb med meir. Målet er at skulen skal ha eit variert lågterskel tilbod som skal tiltrekke seg fleire elevar med ulike interesser.

### 2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Det skjer positive reaksjonar i skulemiljøet når vi har ulike aktivitetstilbod og elevar får delta på områder kor dei elles ikkje ville hatt moglegheit. Skulen ynskjer å stå fram som ein skule som satsar på mangfald og inkludering. Vi ynskjer at alle elevar skal ha eit godt psykososialt miljø og vi ynskjer aktivt å motarbeide utanforskap. Alle desse tiltaka bidreg til at elevar trivst og føler seg inkludert og ynskja på skulen. Neste skuleår vil vi fortsette dette arbeidet da vi startar opp med eit nytt inter-kulturelt prosjekt «Kompetanse for mangfald» kor vi satsar på å inkludere minoritet-språklege elevar i større grad enn no. Vi vil og utvide tilboda i midttimane for å sikra at elevar har større moglegheit til å finne vener i skulemiljøet.

### 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

#### **3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Det har vore god forankring av utviklingsarbeidet ved skulen dette skuleåret. Skulen har ein godt innarbeida praksis og det er stor semje om kva som skal gjerast. Det blir satt av mykje tid, både i fellesmøtetida og i avdelingsmøtetida til å arbeide med ulike tiltak, og å sikre at vi gir saker riktig prioritet, har ei felles forståing og ei felles forankring i forhold til dei utfordringane vi må løyse. Vi hadde tilsyn førre skuleår og det førte til ei auka forståing av skolens innhald og oppgaver. Lærarane ser seg sjølv meir i eit samfunnsperspektiv no, og dei er meir engasjert i korleis skuleresultata utviklar seg gjennom året og frå år til år. Personalet ved skulen har

#### **3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Alle prosessar blir gjennomført på ein forpliktande måte. Metoden er at alle får uttale seg og så blir slutningar teken, botn-topp er metoden for å sikre eigarforhold til dei vedtak som blir tatt.

#### **3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Dette sikrer vi ved å ha gode prosessar kor heile det pedagogiske personalet blir tatt med. Tillitsvalde og elevråd blir trekt inn i dette arbeidet på ulike vis. Organisasjonane deltek i å bestemme innhald i planleggingsdagane, alle ansatte vedtek utviklingsplanen, det er samarbeidsmøte annakvar veke med elevrådsstyre med diskusjonar rundt utviklingsprosjekt og andre saker elevane er oppteken av rundt læringsmiljø, midttimar, alternative læringsarenaer med meir.

#### **3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Skulen har hatt høgt fokus på elevmedverknad og elevdemokrati i mange år, og har dette som eit kontinuerleg satsingsområde. Vi har et aktivt elevråd og elevrådsstyre som deltek i ei rekke aktivitetar. Dei har og ansvar for å fylle midttimane med ulike aktivitetar i midttimane og i skulestartprogrammet. De tillitsvalte i alle klassar deltek og har medansvar i klassens time kvar veke. Dei er med i EO og ungdommens bystyre. Det er en engasjert gjeng og dei vil delta i neste års utviklingsprosjekt kor ein fyller opp midttimane med fastlagte og systematiske aktivitetstilbod som sjakk, skoleavis, strikkeklubb m. meire. Dei er såleis ein viktig ressurs på skulen som gjer skolen meir mangfaldig og meir inkluderande.

#### **3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Det er mykje bra som skjer på skulen. Det er mange som har høge mål for elevane sine og som arbeidar systematisk for å sikre eit godt læringsutbyte for elevane sine. Det er og positivt at vi etter kvart ser at dette arbeidet gir resultat. Dette året har vore eit særst hektisk år med ei redusert leiargruppe som skulle løyse fleire oppgaver enn nokon gang før. Det har gjeve mindre tid til å starte opp med nye prosjekt. Totalt sett har vi vore meir i ei konsolideringsfase i høve til prosjekt vi har starta opp med tidlegare. Samstundes er resultatata for skulen betre enn nokon gang før.

#### **3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.**

Skulen er utviklingsorientert og har eit godt system for å følgje elevane tett. Vi sett tidleg inn tiltak for å sikra at flest mogleg elevar skal få største mogleg sjanse til å gjennomføre og fullføre. Skulen har satt av fast tid til fellestid og avdelingstid kvar veke for å sikre jamn utvikling og trykk på satsingsområda.

#### 4 Ope felt - valfritt

*Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.*